

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 04.02.2021
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Arthur Norevik/Hildegunn Borkamo/Inger Johanne Sætenes
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2021/146
STYRESAK: **013/2021**
STYREMØTE: **26.03.2021**

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Førde i møte den 26. oktober 2020, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Arthur Norevik

Nestleiar: Hildegunn Borkamo

Medlem: Inger Johanne Sætenes

Valstyret har fastsett valdagen til den 27. januar 2021. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 16. desember 2020. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Frist for å komme med valliste var 6. januar 2021. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. **Lena Thorsnes**, Intensivspl., føretakstillitsvald NSF
2. **Randi Aven**, spesialhjelpepleiar, føretakstillitsvald Fagforbundet
3. **Ole-Magnus Kapstad**, overlege Psyk klinikk
4. **Kari Sunde Kvile**, sjukepleiar kir.avd., klinikkv. NSF

Varamedlemmar:

5. **Mariann Hundsnes**, hjelpepleiar DPS døgn, Førde. Klinikktv Fagforbundet
6. **Hildegunn Styve Borkamo**, overlege Barneavd.,FSS. Hovudtv, OLF,Dnlf
7. **Oddlaug Lyslo Vereide**, spesialspl. Med.avd.,NSH, tillitsvald NSF
8. **Andrè Vindedal**, ambulansearbeidar, Lærdal amb.stasjon, tillitsvald Fagforbundet
9. **Rune Tilseth**, overlege med.avd. FSS, klinikkv med.avd. FSS
10. **Sylvia Kristine Rygg**, sjukepleiar ANRR, med klinikk FSS, tillitsvald NSF

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i februar 2021, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg:

Protokoll frå valstyret Helse Førde per 04. februar 2021